



Meland kommune  
v/Tord Moltumyr  
Postboks 79  
5906 FREKHAUG

Saksbehandlar, innvalstelefon

Beate Helland, 5557 2215

## Meland kommune - Avslag på søknad om tilskot - Kompetansehevande tiltak for lindrande behandling og omsorg ved livets slutt - 2019

Fylkesmannen i Vestland viser til søknad om tilskot 21.02.2019 under tilskotsordninga Kompetansehevande tiltak for lindrande behandling og omsorg ved livets slutt.

Det blir også i 2019 gitt tilskot over statsbudsjettet kap.761 post 67 til kompetansehevande tiltak i kommunen for lindrande behandling og omsorg ved livets slutt.

Regelverket for tilskotsordninga og søknadsskjemaet er tilgjengeleg på Helsedirektoratet sine nettsider <https://www.helsedirektoratet.no/tilskudd/kompetansehevende-tiltak-for-lindrende-behandling-og-omsorg-ved-livets-slutt>

Fylkesmannen i Hordaland har i samarbeid med det Kompetansesenteret i lindrande behandling Helseregion Vest vurdert søknadene regionvis.

Innstillingsutvalet har vurdert prosjektet « Kompetansehevande tiltak- lindrande behandling» og vurderer søknaden som for lite gjennomarbeida med uklare prosjektmål og framdriftsplan.

Ut frå den vurdering som er gjort og fordi det er avgrensa med pengar kan Fylkesmannen ikkje innvilge søknaden.

Tildeling er jamfør forvaltningslova §2 ikkje eit enkeltvedtak og det kan derfor ikkje klagast på avgjerda, jf. forvaltningslova § 28.

Med helsing

Linda Svori  
ass. fylkeslege/seksjonsleiar

Beate Helland  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*



Kopi:  
Kompetansesenter for lindrande behandling Helseregion Vest, Postboks 1400, 5021 Bergen